

STORD NÆRINGSRÅD

c/o Kunnskapshuset Sæ 132

5417 STORD

Vår dato: 15.01.2024

Vår ref: 2024/152

Dykkar ref:

## **Førespurnad om innspel til planstrategi for Stord kommune 2024-2027**

Plan- og bygningslova § 10-1 slår fast at kommunane er pliktige til å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode og vedta den seinast eit år etter at nytt kommunestyret er konstituert. Kommunen ønskjer å leggja til rette for brei medverknad i arbeidet med planstrategien, og inviterer med dette til å gi innspel til arbeidet.

Planstrategi er ikkje ein plan, men eit verktøy det nye kommunestyret skal nytta for å klargjere kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møte kommunen sine utfordringar, behov og krav.

Planlegging er ein viktig del av kommunen si rolle som samfunnsutviklar, og ein viktig del av demokratiet. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging, og skal sikra god utvikling av viktige område i kommunen og styrka utviklinga i dei einskilde sektorane. Planstrategien har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane.

I planstrategien skal me drøfte nasjonale, regionale og lokale samfunnsutfordringar. Planstrategien skal ikkje fastsetja mål og strategiar, men peika ut kva for planar som bør utarbeidast eller reviderast for å møte utfordringane. Utviklinga av det kommunale tenestetilbod og utbygging av infrastruktur er døme på område der det er viktig å ha oppdaterte planar.

[Kommuneplan for Stord - samfunnsdel](#) løfter fram følgjande innsatsområde:

- Sterkt regionsenter for Sunnhordland
- Grøn by
- Inkluderande fellesskap.

Kommuneplanen med tilhøyrande fagnotat, saman med [Folkehelseoversikt Stord 2023](#), vil vera sentrale grunnlagsdokument i utarbeidinga av planstrategien.

Innspel til arbeidet kan mellom anna vera utfordringar og utviklingstrekk som bør innkluderast i strategien sine drøftingar, eksisterande planar som treng fornying eller område/tema som treng ein ny plan for betre å styra retninga på utviklinga.

Fagkontor plan

Borggata 2

post@stord.kommune.no

Org. nr 939 866 914

Telefon:

Framlegg til planstrategi vil bli lagt ut til offentlig ettersyn før sommaren 2024.  
Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret.

Innspel til arbeidet med planstrategien skal sendast til [post@stord.kommune.no](mailto:post@stord.kommune.no).  
Frist: 26. februar 2024

Med helsing

Tove Vikanes Agdestein  
folkehelsekoordinator

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Folkehelseoversikt Stord 2023
- 2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034